



Nye Øygarden kommune Prosjektrådmannen

PROTOKOLL INTERIMSTYRE FOR ØYGARDEN BUSTADUTVIKLING KF

Stad: Skjenet 2, Straume

Tid: 23. september 2019 frå kl. 09.00– 12.00

Styremedlemmer som møtte: Kari-Anne Landro (H) - leiar, Egil Haaland (A) – nestleiar, Torill Selsvold Nyborg (KrF) og Nils Kåre Skoge (H)

Åse Gunn Husebø (A) hadde meldt forfall. Silvia Haugland (H) møtte som vararepresentant.

Merknader:

Møtet vart leia av Kari-Anne Landro. Frå administrasjonen møtte Jarle K. Oen som skreiv protokoll. Styret vedtok at sak 4 skulle gå for lukka dører. Dette er drøfting av ei tilsetjings-sak som er unnateke offentlegheit. Saka er også utelatt frå den offentlege protokollen.

SAKSLISTE

1) Innkalling og saksliste

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkalling og sakslista som vart samrøystes vedteken.

2) Godkjenning og underskriving av protokoll frå møtet 9. september 2019

Vedtak:

Protokollen frå 9. september vart samrøystes vedteken og underskriven av dei styremedlemmane som var til stades (Åse Gunn Åsebø fråverande).

3) Prosess -tilsetjing dagleg leiar og oppdatert informasjon sidan siste møte

Styreleiar orienterte om kva som hadde vore gjort sidan førre styremøte. Leiar og nestleiar hadde hatt orienteringsmøte med leiinga i Sund Eigedomsutvikling KF der det vart informert om at styret hadde vurdert at det ikkje låg føre noko rettskrav på stillinga som dagleg leiar i det nye foretaket. Leiar og nestleiar i interimstyret hadde underteikna eit informasjonsbrev sendt til rådmennene i Fjell og Øygarden samt prosjektrådmannen i NØK om at ingen hadde

rettskrav på stillinga som dagleg leiar. Tilsvarande brev var sendt til styret i SEU KF. Det vart tilbakemeldt frå dei berørte at dette hadde vore ein ryddig og god prosess.

Under denne saka vart det også drøfta kor tid interimstyret skulle ha sitt neste ordinære møte

Vedtak:

1. Interimstyret tek opplysningane om utført møteverksemd og utsendte informasjonsskriv til rådmennene i Fjell og Øygarden, prosjektrådmannen i NØK og styreleiar i SEU KF til orientering.
2. Dei utsendte informasjonsskriva vert lagt ved protokollen.
3. Interimstyret har sitt neste ordinære møte fredag den 4. oktober kl. 09.00-11.30 på Skjenet.
4. Saker som skal takast opp er m.a. desse som er nedfelt i mandatet:
 - Verdifastting,
 - Gjeldoversyn
 - Drøfting av framgangsmåte for ein samarbeidsavtaleØkonomisjef i Nye Øygarden kommune, Anne Erdal, vert invitert til møtet.

4) Vidare prosess med tilsetting av dagleg leiar – ikkje offentleg

.....

Saka er teke ut av protokollen. Dette er ei tilsettingssak.

5) Eventuelt

Det kom ingen innspel under dette punktet.

Underskrift

Vi stadfestar at det som er ført i protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Kari-Anne Landro

Egil Haaland

Torill Selsvold Nyborg

Nils Kåre Skoge

Åse Gunn Husebø

Vedlegg: Utsendte informasjonsskriv til rådmennene i Fjell og Øygarden, prosjektrådmannen og styret i Sund Eigedomsutvikling KF- Brev vart sendt elektronisk 16.09.19

Til Nye Øygarden kommune ved prosjektrådmannen Rune Lid

Til prosjektrådmann i nye Øygarden kommune

Som du kjenner til så oppretta fellesnemnda i juni 2019 eit interimstyre for etableringa av Øygarden Bustadutvikling KF. Vi har hatt tre styremøte til no.

Ei av oppgåvene til interimstyret er å tilsetje dagleg leiar. Første steg i den prosessen har vore å vurdere om nokre av dei tilsette i dei tre kommunane (inkludert det kommunale føretaket i Sund kommune) har rettskrav til stillinga som dagleg leiar. Vi har nytta juridisk rådgjeving i saka. Styret har konkludert med at ingen har rettskrav til stillinga.

Vi har fått skriftleg melding frå leiar av bustadkontoret i Fjell kommune at ho ikkje ønskjer å bli vurdert med tanke på rettskrav, sidan ho har takka ja til ein leiarstilling i nye Øygarden kommune. Uavhengig av dette har vi vurdert at ingen har rettskrav til stillinga. Underteikna har på vegne av styret sendt skriftleg orientering til rådmann i Fjell kommune om dette.

Underteikna har hatt møte med eit styremedlem og dagleg leiar i Sund Eigedomsutvikling og informert om interimstyret sin konklusjon knytt til rettskrav. Orienteringa er også sendt skriftleg til styreleiar.

Underteikna har også sendt skriftleg melding til rådmannen i Øygarden kommune og orientert om konklusjonen knytt til rettskrav.

Vidare prosess med tilsetjing av dagleg leiar vil bli gjort i eit tilsetjingsutval kor alle 5 medlemmene i interimstyret deltek, i tillegg har vi med to hovudtillitsvalde (Delta og Fagforbundet) i arbeidet. Vi set pris på at vi har fått tildelt ein personalressurs som vil støtte oss i arbeidet.

Venleg helsing
Kari-Anne Landro
Styreleiar

Egil Haaland
Nestleiar

000

Til rådmannen i (gamle) Øygarden kommune, Siri Fahlvik Pettersen

Til rådmann Øygarden kommune

Fellesnemnda oppretta i juni 2019 eit interimstyre for etableringa av Øygarden Bustadutvikling KF. Saka som inneheld mandat og vedtekter er tilgjengeleg på nettsidene til nye Øygarden kommune.

Ei av oppgåvene til interimstyret er å tilsetje dagleg leiar. Første steg i den prosessen har vore å vurdere om nokre av dei tilsette i dei tre kommunane (inkludert det kommunale føretaket i Sund kommune) har rettskrav til stillinga som dagleg leiar. Vi har nytta juridisk rådgjeving i saka. Styret har konkludert med at ingen har rettskrav til stillinga.

Vi ønskjer å informere deg som øvste administrative leiar om vurderinga til styret.

Vidare prosess med tilsetjing av dagleg leiar vil bli gjort i eit tilsetjingsutval kor alle 5 medlemmene i interimstyret deltek, i tillegg har vi med to hovudtillitsvalde (Delta og Fagforbundet) i arbeidet. Vi har også fått tildelt ein personalressurs som vil støtte oss i arbeidet.

Når det gjeld andre tilsette som kan vera omfatta av verksemdsoverdraginga, så viser vil til vedtak som styret gjorde i sitt møte 09. september og som vil koma som ei bestilling frå prosjektrådmannen.

Venleg helsing
Kari-Anne Landro
Styreleiar

Egil Haaland
Nestleiar

000

Til rådmannen i Fjell kommune, Steinar Nesse

Til rådmann Fjell kommune

Fellesnemnda oppretta i juni 2019 eit interimstyre for etableringa av Øygarden Bustadutvikling KF. Saka som inneheld mandat og vedtekter er tilgjengeleg på nettsidene til nye Øygarden kommune.

Ei av oppgåvene til interimstyret er å tilsetje dagleg leiar. Første steg i den prosessen har vore å vurdere om nokre av dei tilsette i dei tre kommunane (inkludert det kommunale føretaket i Sund kommune) har rettskrav til stillinga som dagleg leiar. Vi har nytta juridisk rådgjeving i saka. Styret har konkludert med at ingen har rettskrav til stillinga.

Vi ønskjer å informere deg som øvste administrative leiar om vurderinga til styret.

Vi vil samstundes informere om at vi har mottatt skriftleg melding frå leiar i Bustadkontoret i Fjell kommune at ho ikkje ønskjer å bli vurdert med tanke på rettskrav, sidan ho har fått ny leiarstilling i nye Øygarden kommune. Uavhengig av dette har vi konkludert med at ingen har rettskrav til stillinga.

Vidare prosess med tilsetjing av dagleg leiar vil bli gjort i eit tilsetjingsutval kor alle 5 medlemmene i interimstyret deltek, i tillegg har vi med to hovudtillitsvalde (Delta og Fagforbundet) i arbeidet. Vi har også fått tildelt ein personalressurs som vil støtte oss i arbeidet.

Når det gjeld andre tilsette som kan vera omfatta av verksemdsoverdraginga, så viser vil til vedtak som styret gjorde i sitt møte 09. september og som vil koma som ei bestilling frå prosjektrådmannen.

Venleg helsing
Kari-Anne Landro
Styreleiar

Egil Haaland
Nestleiar

000

Til Styreleiar i Sund Eigedomsutvikling KF,

Til styreleiar i Sund Eigedomsutvikling KF

Vi viser til møte gjennomført i dag, 16. september 2019, med eit styremedlem og dagleg leiar i Sund Eigedomsutvikling KF, der vi orienterte om følgjande:

Ei av oppgåvene til interimstyret er å tilsetje dagleg leiar. Første steg i den prosessen har vore å vurdere om nokre av dei tilsette i dei tre kommunane (inkludert det kommunale føretaket i Sund kommune) har rettskrav til stillinga som dagleg leiar. Vi har nytta juridisk rådgjeving i saka. Interimstyret har konkludert med at ingen har rettskrav til stillinga.

I tillegg til samtalen i dag, så ønskjer vi å informere deg som styreleiar om vurderinga til interimstyret.

Vidare prosess med tilsetjing av dagleg leiar vil bli gjort i eit tilsetjingsutval kor alle 5 medlemmene i interimstyret deltek, i tillegg har vi med to hovudtillitsvalde (Delta og Fagforbundet) i arbeidet. Vi har også fått tildelt ein personalressurs som vil støtte oss i arbeidet.

Elles er dette å rekna som ei verksemdsoverdraging, kor dei tilsette i Sund Eigedomsutvikling KF vil bli overført til det nye føretaket. Detaljar rundt dette må ein koma tilbake til seinare.

Venleg helsing
Kari-Anne Landro
Styreleiar

Egil Haaland
Nestleiar